

Utnemning til Ridder 1.klasse St.Olavs Orden.

H.M. Kongen har utnemnt professor Martha Jakobsen Ulvund til Ridder 1.klasse av Den Kongelige Norske St.Olavs Orden for den samfunnsgagnlege verksemda hennar.

Martha Jakobsen Ulvund er fødd 10.juli 1945 i Sandnes.

Ho har utdanning frå Norges Veterinærhøgskole (NVH) frå 1969, ei tid der svært få kvinner valde slik utdanning. Ho har doktorgrad i patologi frå 1974. Ho er også Dr.med.vet. frå 1990,på ei avhandling om kobolt/vitamin B12 – mangel.

I 2008 vart Martha Jakobsen Ulvund europeisk spesialist i småfehelse.

Ho har vore tilknytta forskingsanlegget for småfeforskning på Høyland,Sandnes, frå 1973 til ho gjekk av med pensjon i mars i år.

I 1993 vart ho professor i småfesjukdommar og instituttleiar og seinare seksjonsleiar for NVH si verksemd i Sandnes.

Martha Jakobsen Ulvund har meir enn 40 år lang fagleg verksemd innan forskning og undervisning bak seg, heile tida til gagn for norsk og internasjonalt husdyrhald og veterinærmedisin. Ho har særleg konsentrert seg om småfesjukdommar med stor betydning og relevans for sauenæringa. I dei siste åra har ho forska på prionsjukdommar som forårsakar sjukdommen scrapie hos sau,kugalskap hos storfe og Kreutzfeldt Jacobs sjukdom hos menneske.

Forskringsresultata har gitt grunnleggjande kunnskap og forståing av viktige sjukdomskompleks. Dette har medverka til kontroll og nedkjemping av tapsbringande sauesjukdommar.

Martha Jakobsen Ulvund har vidare hatt ei sentral rolle i det internasjonale forskarnettverket av småfeforskarar og motteke heider for dette arbeidet. Ho har og vore medlem av ei rekkje forskingsprogramstyre og ekspertgrupper nasjonalt og internasjonalt.

Ho var seniorforskar ved Veterinary Investigation Laboratory,i Karantina, Kenya 1979 -81.

Etter dette NORAD-oppgdraget har ho leia og delteke i ei rekkje forskingsprosjekt i Aust- Afrika.

Ho har bygt opp eit eineståande undervisningstilbod i sauesjukdommar og motteke veterinærstudentane sin heider for det.

Ho har også medverka til styrka samarbeid mellom forskingsinstitusjonar i regionen, ho har m.a. vore preses i Vitenskapsakademiet i Stavanger, medlem av regionale forskingsfond og teke initiativ til fagleg prosjektarbeid på tvers av institusjonane.

Martha Jakobsen Ulvund har og hatt eit stort samfunnsnyttig engasjement utanom veterinærmedisin og forking. Ho har vore medlem av bystyre og formannskap i Sandnes. Ho har dessutan hatt ei lang rekkje andre tillitsverv både i offentlege styre og i friviljuge organisasjonar.

Kjære Martha!

Det var Norges Veterinærhøgskule som fremja søknaden, ein søknad som både ordføraren i Sandnes og fylkesmannen med glede gav si støtte til.

Du er ei sjeldan dame. Du er uvanleg kunnskapsrik, initiativrik, du har ein svær arbeidskapasitet og eit unikt pågangsmot.

Innsatsen din er svært viktig, både nasjonalt og internasjonalt. Det er likevel ekstra verdfullt at du i alle år har vore ein eineståande representant for Sandnes og Rogaland.

Det er nydeleg for meg personleg å føreta denne overrekkinga til nettopp deg.

Eg veit noko om korleis du har arbeidd også overfor stortingsrepresentantar i avgjerande fasar for å styrka Høyland.

Du lukkast! Kven kunne motstå denne enkle budskapen:

Skal du forska på dyresjukdommar, må du jo leggja instituttet ein stad der det er sjuke dyr.

Skal du undervisa veterinærstudentar om dyresjukdommar, er også sjuke dyr, og dermed eit område med dyretettleik, ein føresetnad.

Eg skal til slutt få nemna at som mottakar av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden har du høve til å søkja audiens hos H.M.Kongen for å takka for tildelinga.

Her ligg ved eit kort som fortel om korleis du kan ta kontakt med H.M.Kongens adjutant for å avtala tid.

Det er ei stor ære for meg, på vegner av H.M.Kongen å overrekkja deg ordensinsigniene.

Martha Jakobsen Ulvund, gratulerer!